

**PROTOKOLL****Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS****Møte: 3-2017****Tid: Fredag 8. desember 2017 kl. 10:15 - 11:00****Stad: Alver Hotel****Til stades:**

Ordfører:	Anne Dahle Austrheim (Austrheim), Astrid Aarhus Byrknes (Lindås), Karstein Totland (Masfjorden), Øyvind Oddekalv (Meland), Tom Kristian Thorsen (Modalen), Alf Terje Mortensen (Osterøy), Jon Askeland (Radøy)
Rådmenn:	Reidun Halland (Gulen)
Styret RNHI:	Håkon Matre
RNHI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Jarle Skeidsvoll (Osterøy)

<b>Sak 10/17</b>	<b>Godkjenning møteinnkalling og sakliste</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
<b>Sak 11/17</b>	<b>Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Øyvind Oddekalv og Alf Terje Mortensen vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
<b>Sak 12/17</b>	<b>Godkjenning møteprotokoll Representantskap 2-2017</b>  <b>Samrøystes vedtak:</b> Møteprotokoll frå Representantskap 2-2017 vart godkjent utan merknadar.
<b>Sak 13/17</b>	<b>Orientering om status for prosjektet</b> Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte om status for helsehusprosjektet bl.a. ulike problemstillingar som påverkar byggjeprojektet som områdeplanen og infrastrukturprosjektet som Lindås kommune gjennomfører og flytting av Telenorinstallasjonen.  Vegledande kunngjøring om konkurransen vart lagt ut på Doffin / TED 30.06. 2017, medan sjølvve kunngjeringa vart sendt til Doffin / TED 15. 11.2017. I fyrste omgang vert det gjennomført ein prekvalifisering av kven som skal få levera tilbod, og frist for kvalifikasjonssøknad er 15.12.2017 kl. 12.00.  Evaluering av kvalifikasjonar, og avklaringar vert gjort ultimo desember 2018, og melding om prekvalifisering og invitasjon til å gje tilbod er primo januar 2018. Tilbudsfrist er sett til 13.03.2018 kl. 12.00.

	<p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 14/17	<p><b>Godkjenning av budsjett 2018 og økonomiplan 2019-2021 for RNHI (vedlegg)</b></p> <p><b>Styret sitt forslag til vedtak i Representantskapet:</b> Representantskapet godkjenner framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2018 og økonomiplan for 2019-2021.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet godkjenner framlagt budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020.</p>
Sak 15/17	<p><b>Val av revisor for RNHI (vedlegg)</b></p> <p>RNHI sin revisor har meldt at han trappar ned verksemda og at han i den samanheng ikkje ynskjer å ta på seg oppdrag for RNHI lenger. RNHI har innhenta pris frå tre leverandører. Alle tre var kvalifiserte og det var ingen synleg forskjell i kvalitet. KPMG var rimelegast på dei faste prisane og ut i frå ei totalvurdering tilrår administrasjonen at KPMG vert valt til revisor. Kostnaden til revisjon vil endre seg lite. Iht. Lov om interkommunale tenester § 28 «Selskapets revisjon», skal Representantskapet velja revisor.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Representantskapet vel KPMG som revisor for Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI).</p>

Alver, 8. desember 2017



Karstein Totland  
Leiar Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS



Øyvind Oddekalv  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS



Alf Terje Mortensen  
Medlem Representantskapet  
Region Nordhordland Helsehus IKS